



Møtebok for møte i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Mandag 13. april 2026 kl. 17:00-19:00

Stad: Teams

Desse møtte: Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
Eivind Hustveit, rep. Sauda
Joel Nag, rep. Strand kommune
Anne Bratthammer, rep. Strand
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland

Andrea Hebnes Tobekk, Ryfylke IKS

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 11/26	Godkjenning av innkalling og møtebok frå møte 21.03.2025	2
Sak 12/26	Evaluering Ryrekrutt	2
Sak 13/26	Eventuelt	3

Sak 11/26 Godkjenning av innkalling og møtebok frå møte 21.03.2025

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møtebok frå møte 21.03.2025, innkalling og saksliste.

Sak 12/26 Evaluering Ryrekrutt

Bakgrunn:

RyRekrutt 2025 blei arrangert 30. mars på Fiskepiren, og målgruppa var ungdom med tilknytning til Ryfylke. Arrangementet vart gjennomført av Ungdomsstyret i Ryfylke i samarbeid med Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen. No skal me evaluere arrangementet for å trekke læring og utviklingspotensiale fram mot neste år.

Me vil gå gjennom resultata frå to evalueringsskjema:

1. Deltakerevaluering:

- Nøkkeltal
- Tilfredsheit med informasjon, stands, lokale, relevans
- Opplevd verdi (ny kunnskap, inspirasjon, vidare engasjement)

2. Utstillerevaluering:

- Opplevd kvalitet på praktisk gjennomføring
- Relevans og opplevd verdi
- Forslag til forbetringar (rigging, kommunikasjon, tid til mingling osv.)

Etter gjennomgangen vil ungdomsstyret få moglegheit til å:

- Gi eigne refleksjonar frå gjennomføringa
- Kommentere på resultata frå evalueringsskjema
- Komme med konkrete forslag til forbetringar og utviklingspunkt
- Diskutere korleis ungdomsstyret kan bidra inn i planlegginga av neste RyRekrutt

Mål med gjennomgang:

Å samle innspel og vurderingar som kan takast med i planlegginga av RyRekrutt 2026, og sikre at både ungdom og arbeidsgivarar opplever arrangementet som relevant og verdifullt.

 Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret gjennomførte ei evaluering av RyRekrutt 2025 og peika på fleire forhold som bør takast med i planlegginga av neste arrangement.

Styret ønskjer mellom anna:

- å leggja betre til rette for at deltakarane blir verande på arrangementet gjennom heile kvelden
- å skapa meir aktivitet og engasjement rundt bedriftene og bedriftstimen
- å vurdere endringar i innsjekk, hotellordning og tidspunkt for servering av mat
- å gi deltakarane meir informasjon om bedriftene på førehand
- å halda arrangementet på Fiskepiren også neste år
- å leggja til rette for meir mingling mellom deltakarar og bedrifter.

Innspela blir tekne med vidare i evalueringa og planlegginga av RyRekrutt 2026.

Sak 13/26 Eventuelt**Ungdomsstyret i Ryfylke**

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.